



No er det klart for ein ny runde om nausttomta til Gunnar Kjærland (til venstre)

Til veka skal Kjærland-saka opp att i forvaltningskomiteen og administrasjonen held fast ved sin tidlegare vurdering. Dei kan ikkje sjå at det i denne saka vil vera større føremon enn ulemper ved å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Det er særleg omsynet til strandvernet og landskapet som her gjer seg gjeldande.

Kommunedelplanen er tydeleg på at osen ved elva skal haldast fri for ytterlegare utbygging og ei frådeling her vil etter administrasjonen si meining kunne føre til auka privatisering og byggjepress i strandsona.

Parkeringa er ei viktig side av saka. Under synfaringa i vinter vart det nemnd at det kunne opprettast parkeringsplass på bustadeigedomen for nausttomta men ein slik rett måtte vera varig og tinglysast som eit hefte på bustadeigedomen. Det var ikkje Gunnar Kjærland interessert i.

Satens vegvesen meiner at nausttomta ikkje kan opprettast før den er sikra lovleg adkomst frå veg.

Administrasjonen følgjer vegvesenet og meiner det må sikrast lovleg parkering/avkøyrslø før arealet eventuelt kan delast frå.

Av Ola Matti Mathisen